

REDAKSJONEN



Årets skuleguide har blitt laga av dykkar eigne 3MK1, og vi har jobba hardt for å få denne fullført sånn at du som dette akkurat no kan ha eit evig minne om eit skuleår litt utanom det normale.

Årets tema blei arkade, som du sikkert kan sjå, men vi har også brukt det generelle temaet “spel” for dei som har vakse opp med meir *Monopol* enn *Mario*. Til høgre ser du leiarane for dei forskjellige gruppene som har vore ansvarleg for alt dette.

Sigurd har hatt hovudansvaret for gruppa **FOTO**, som var dei som tok biletet av deg og klassen din i veke 37.

Ana, Eirin og Robin på **DESIGN** er dei som har stått bak alt det visuelle, med unntak av biletet. Dei har jobba dag og natt for å få kvar piksel perfekt, og med Ana som leiar, kunne resultatet

aldri bli noko mindre enn spektakulært.

På **INNHOLD** har vi hatt Ina som vår eineståande leiar, og ho og resten av innhaltsgruppa er dei som har hatt ansvar for all teksten du les her i guiden.

MARKNADSFØRING er dei som har hatt som jobb å mase på deg om skuleguiden, og at du burde kjøpe den ;) Her har Mona hatt hovudansvaret, og ho og teamet hennar har stått på for å finne nye og kreative måtar å seie “*Hei! Sjekk ut denne dødskul Tinga vi lagar!*”.

Saman har heile 3MK1 kjempa for at resultatet skal bli så episk som mogeleg. Vi er stolte over det harde arbeidet vårt, og vi håper du føler at du har gjort eit godt kjøp.

P.S. Du kan lese meir om gruppeleiarane sine tankar om prosessen på våre sosiale medium.



REKTOR

Det er ei glede å endeleg få sjå skuleguiden! Skuleguiden er det mest brukte oppslagsverket vi har på skulen. Det er også eitt av fleire viktige og læringsrike pedagogiske prosjekt vi har kvart år.

Eg tenkjer det viktigaste med skuleguiden er at elevane på ulike vis kjem nærmare kvarandre og blir betre kjende. Det kjekkaste med å vere rektor er å få møte alle dei flotte menneska på skulen! Det er over 500 elevar og nesten 100 tilsette med smått og stort. Vi er eit stort fellesskap med eitt mål for auget: å få dykk gjennom med fullført og bestått - og klare for å ta nye steg ut i livet. Det er veldig kjekt å arbeide med ungdommar. Når eg møter dei nye elevane i festsalen første skuledag, ser eg at dei oftast er litt reserverte og smånervøse. Tre år seinare går dei ut med langt høgare sjølvkjensle som "kongane på haugen". Å få vere med og bidra til denne utviklinga er utrøeg gøy og meiningsfullt.

Eg må innrømme eg ikkje var ein stor "gamer" då eg var ung. Eg dreiv for det meste med idrett. Det tida mi gjekk til var volleyball, bordtennis og litt fotball. I mi tid så var det speleautomar med eit spel som som heite *Pac-Man*, som du måtte putte på nokre kroner for å få spele. Eg må innrømme at det i ei periode var mykje av vekepengane som gjekk til *Pac-Man*, og eg vart også etterkvart relativt god. Eg har vurdert om eg kanskje burde laste ned denne appen på telefonen, men er redd det då blir endå meir glaning inn i telefonen.

Om eg ein gong skal ta til med gaming, så skal eg involvere meg i større og meir komplekse strategispel der eg samhandlar med andre på nett. I slike spel trenar ein viktige ferdigheter - i tillegg til at det er sosialt å sitje online med vener over heile verda.

Mvh
Trond Hjelseth, rektor





LEIINGA

JAN TERJE er skulen sin assisterande rektor og avdelingsleiar for dei kreative linjene KDA, MK og MU. Han har jobba ved skulen sidan 2006. Jan Terje opplyser at han vaks opp med ulike spel då han var ung, døme på desse er *Pac-Man* og diverse bilspel på Commodore 64 (som han spelte hos ein kamerat). No for tida er han veldig glad i sjakk.


LISBET er avdelingsleiar for språk og realfag. Ho har jobba på skulen sidan 1992 og har svært mange fine minne, men det aller beste minnet hennar er når skulen vart oppussa i 2010. Lisbet har spelt veldig mykje *Monopol* i barndommen sin og dette er framleis hennar favorittspel.

JØRUND er avdelingsleiar for norsk og samfunnsfag. I år er det nøyaktig 30 år sidan han byrja å jobba på Volda vgs. Jørund sitt favorittspel er *Ludo*, og hans beste skuleminne er frå når ei tredjeklasse han hadde braut ut i

spontan applaus etter dei såg ei filmatisering av stykket *Et dukkehjem*, følgd av ein særslig interessant diskusjon. Det var ekte ”djupnelæring!”, seier Jørund.

KRISTIN er avdelingsleiar for kroppsøving og tilrettelagt klasse og har jobba på skulen sidan 2004. Dei beste minna hennar er å sjå elevar fullføre arbeid dei sjølv har tvilt på - det å oppleve at elevar meistrar arbeid. Ho har vakse opp med *Ludo*, volleyball og korpsmusikk.

OLAV er avdelingsleiar for driftspersonalet og er IT-ansvarleg ved skulen. Han har jobba ved skulen i 22 år. Trass i at han er IT-ansvarleg og difor jobbar ekstra mykje med data, så har han ikkje vore noko ivrig dataspelar i sin ungdom - Olav trivst best på ei stor og grøn golfbane.





ELEVrådsleiaren

**Migle Cesonyte i 2ST4 er årets elevrådsleiari.
Ho er ei veldig livleg og skuleflink jente. På
fritida likar ho å sjå på nye kleskolleksjonar
og å sjå film.**

- Eg ville bli elevrådsleiari, for eg føler eg kan bli ein god leiari. Eg kan bidra med mykje og ønskjer at alle skal få kunne vere seg sjølve.


Migle har vore med i elevrådet før, både åra på ungdomsskulen og første året på vgs. I elevrådet blir ein kjend med mange, både på skulen og i resten av landet. Ho og resten av elevrådet har trua på at dei kjem til å gjere ein fantastisk jobb dette skuleåret!

Elevrådet har ikkje hatt så mange møte, men når det kjem saker set dei seg eit mål dei skal oppnå.

Om du har saker du vil ta opp med elevrådet er det berre å formidle det til dei tillitsvalde i klassa.

Du kan også sende melding til elevrådsleiaren på Teams, og du kan få med deg siste nytt frå kanalen *Elevrådsinformasjon* under VOL - ELEVAR på Teams.

Migle sitt favorittspel er Sims. Der får ho lage si eiga historie og kle personane slik ho ønskjer. Ho får også designa husa slik ho vil dei skal sjå ut.





KONTORET

HJELP! Har du spørsmål om vitnemål eller skuleskyss? Eller kanskje du har spørsmål om stipend eller timeplanar? Treng du hjelp med å forstå informasjon frå Lånekassa? Kom til skulekontoret og dei hjelper deg!

Skulekontoret ligg på øvre bygg, ned trappa ved siden av kantina og til høgre for biblioteket. Her sit tre flotte og blide damer som er klare til å hjelpe deg: Anne-Grete, Gerd Sofie og Eli.


ANNE-GRETE har treårig vidaregåande handel- og kontorutdanning frå regnskapslinja. Det å sjå tredjeklassingane pynta i bunad og dress på avsluttinga gjer henne alltid rørt og gjer at ho kjenner kor glad ho er i jobben sin. - Eg spelte ein del *Ludo*, diverse kortspel og *Den forsvunne diamant* i min oppvekst. Av dataspel har eg spelt ein del Sims i lag med ungane mine.

GERD SOFIE har treårig handelsskuleutdanning,

med kontor, marknadsføring og data som linjefag.

- Eg har mange gode minne frå fleire elevar som har gått på skulen, men må trekke fram eksamenskonsertane eg har vore så heldig og få oppleve i festsalen. Vi har alltid spelt mykje spel. Favoritten som barn var *Mil*, så var det *Millionær* og no er det *Rummy*.

ELI har økonomiutdanning frå Høgskulen i Sogn og Fjordane. Ho føler seg heldig som får vere i lag med så mykje flott ungdom kvar dag. - Første gong eg var på musical er eit av mine beste minne, eg trur eg aldri har vore så imponert før. Ho får ikkje nok av spel. Som barn var det *Monopol* som var favoritten, no er det *Catan*.





RÅDGJEVARANE

Treng du råd om utdanning og yrkesval, eller har behov for sosialpedagogisk rådgjeving, så er Randi og Kristian her for deg.

RANDI har jobba her i 30 år, er lærarutdanna med utdanning i norsk i tillegg til master i spesialpedagogikk. - Det er mange gode minne frå tida som lærar ved skulen, men kanskje er det beste då eg fekk ei slik melding frå ein av elevane mine: "Eg stod til eksamen!". Ho visste kva slit og arbeid som låg bak den prestasjonen, og då gret ho av glede. Ho vaks opp med kort- og brettspel, og favoritten var *Kinasjakk*.

KRISTIAN har jobba her i 12 år. Han har blant anna fagbrev som kokk, har gått hotellhøgskule og har master i spesialpedagogikk. - Eg har mange fine minne, dei beste er når eg ser elevar som lukkast. Han vaks opp med dataspel, noko han framleis har interesse for. Då han var ungdom, likte han best spelet *Red Alert*.

Favorittspela hans no er flyspel og spel der ein bygger ting, som t.d. *SimCity* og *Civilization*.

Rådgjevarane har kontor i første etasje i klasseromsfløya, like etter vrimlearealet. Der er dørene opne for dei som treng hjelp til utdanningsval, yrkesval eller ulike faglege, sosiale og personlege utfordringar knytt til skulekvardagen. Målet deira er å finne den beste løysinga for deg, så ikkje ver redd for å ta ein tur innom! Du finn trefftidene deira bakerst i guiden.

Kontaktinformasjon RANDI:
randi.kalland@mrfylke.no / 712 82 314

Kontaktinformasjon KRISTIAN:
kristian.ingebrigtsen@mrfylke.no / 712 82 313





PPT

Slit du på skulen? Treng du tilrettelegging for å kome deg gjennom året? Kanskje treng du berre nokon å prate med? Då hjelper Ingrid og Veronica deg! PPT (Pedagogisk-Psykologisk Teneste) har kontor ved rådgjevarane i første etasje i klasseromsfløya, like etter vrimlearealet.


INGRID er ny på denne skulen og gler seg til å møte elevane. Ho er utdanna lærar og skulepsykolog, dette tok ho i San Diego i USA.
- Mitt beste minne er då eg var kontaktlærar og fekk brev frå alle i klassa etter at eg hadde flytta til San Diego, det varma hjartet mitt. Då ho var litra spelte ho *Xonix* og *Winter Games*, i dag er favoritten *Ligretto*.

VERONICA har jobba interkommunalt med PPT i tre år, då også tilknytt Volda. Ho er utdanna lærar med tillegg som interiørkonsulent og glaskunstnar. - Mine beste minne er når elevane

opplever meistring i matematikk. Ho vaks opp med *Nintendo Game & Watch* og *Snoopy Tennis*-spelet. Ho har ikkje så mykje konkurranseinstinkt, så ho spelar sjeldan spel no til dags.

Føremålet med PPT er at du skal få eit inkluderande, likeverdig og tilpassa tilbod. Du finn trefftidene til PPT bakerst i guiden.

Kontakt elles INGRID på tlf. 480 17 432 og VERONICA på tlf. 469 57 614.





HELSETENESTA

Dersom du har spørsmål om seksuell helse eller prevensjon, eller berre treng nokon å snakke med, så kan du snakke med ungdomsrettleiar **Iselin** og helsesjukepleiar **Lisbeth**.

Ungdomsrettleiar **ISELIN** er ny for året her på skulen, men har lang erfaring med å jobbe med ungdom. **LISBETH** har lang fartstid som helsesjukepleiar ved skulen. Dei er nærmeste nabo med rådgjevarane, og det er berre å banke på. Hugs at dei har teieplikt, og er nokre du alltid kan stole på. Dei ynskjer deg hjartelig velkommen!

Begge er veldig glade i mobilspel. Iselin likar godt oppussingsspelet *Home Design*, medan Lisbeth likar fargeleggingsspelet *Happy Color*.

Helsestasjon for ungdom er òg eit tilbod dersom du har spørsmål eller vil snakke med nokon. Dei har ope tysdagar og torsdagar frå 14:00 -

16:30 og held til på helsestasjonen i Volda, i underetasjen på rådhuset i Volda. Her er *drop-in*-tilbod og du treng difor ikkje å bestille time på førehand. Du kan kontakte helsestasjonen på tlf. 700 58 820. Treftidene til helsetenesta på skulen finn du bakerst i guiden.


Kontaktinformasjon ISELIN:

iselin.steinnes.foldal@volda.kommune.no /
477 52 085

Kontaktinformasjon LISBETH:

lisbeth.hoggen.totland@volda.kommune.no /
974 27 278

Snapchat: voldaunghelse






KANTINE OG

BIBLIOTEK

I kantina finner du mykje forskjellig mat, inkludert glutenfritt, og du kan betale med både kort og Vipps.

Bak disken finn du dei hyggelege damene **FRØYDIS** og **ELSE-MARIE**. Dei set stor pris på alle som kjem innom kantina. Dei beste minna dei har opplevd er ofte basert på gode ord frå elevar. - I fjar på russeavsluttinga laga russane ein song til oss. Diverre fekk vi ikkje sjå det då dei framførte, fordi vi var på kjøkenet og laga mat, seier dei med eit stort smil.

Spel dei likar er for det meste kortspel, slik som *Amerikanar* og *Rummy*.



Leitar du etter ein stad der du kan drøyme om ei annan verd? Heidi er alltid klar med gode boktips!

HEIDI har jobba ved skulen sidan 2002, og har mange gode minne. - Det beste er opninga av biblioteket i 2011, då eg endeleg hadde ein stad eg kunne vise fram utdanninga mi.

Heidi er utdanna bibliotekar (i dag kalla *Bibliotek og informasjonsvitenskap*) og er veldig glad i jobben sin. Ho likar når elevane brukar biblioteket for å lære, men også for å låne andre bøker dei interesserar seg for.

Heidi jobbar hardt for å vise fram bøkene biblioteket allereie har, men ho kan alltid bestille bøker spesielt til deg!

Hennar favorittspel er *Domino*, *Monopol* og *Mastermind*.



DRIFT OG REINHALD

Om du treng hjelp til noko praktisk på skulen, til dømes om du har gløymt nøkkelen til skåpet ditt og må få låsen klift opp, så er det berre å ta kontakt med Odd-Johan.

ODD-JOHAN finn du i vaktmeisterfløya - den store klossen ved foten av øvre bygg, som dei fleste kjenner som (motor)sykkelparkeringa. Han er den du kan kome til om du treng verkty eller musklar. Han er ofte å sjå i aktivitet omkring i skulebygga eller på skuleplassen, men om du ikkje ser han kan du nå han på tlf. 905 36 379.

Odd-Johan er "old school" og likar godt spelet *Pac-Man*.



Du har sikkert lagt merke til at det alltid er reint og fint på skulen vår. Kva er årsaka til dette? Jau, det er sjølvsagt grunna dei fantastisk flinke reinhaldarane vi har!

LEONORA, CAROLINA, MONIKA og **GRETE** er som regel først på jobb om morgonen og sørger for at skulen er rein og fin før elevane kjem.

No i desse koronatider har reinhaldarane spesielt mykje å gjere. Det er difor viktig at elevane er flinke til å rydde opp etter seg, slik at reinhaldarane slepp dette i tillegg til vaskinga! Sidan dei er innom alle krikar og krokar på skulen så er det ofte reinhaldarane som finn attgløymde ting. Desse vert levert til skulekontoret og publisert i kanalen *Attgløymd* på Teams.

Når reinhaldarane poserer for biletet så er det første gongen dei held i slike spelkontrollar, flirar dei i kor.



TILSETTE A-A





Lluís
Aguilar
Kro, Spa, fag.k.



Gunnar Sigve
Aurdal
MU



Siv Kristin
Aurdal
MU



Bjarne
Austrheim
Nor



Karina Heggen
Bahl
TK, miljørettleiar



Øyvind Granden
Berg
MU



Yngvil
Birkeland
KDA, fag.k.



Kjetil
Bjørkedal
His, Nor, Sam, Sos



Eva Ingeborg S.
Brune
Nor, Psy, fag.k.



Cecilie Haugen
Dale
TK, assistent



Monika Siren
Dalebø
Reinhalda



Hildur Sandstad
Dalen
MU



Aase Norunn
Digernes
Nor, Spa



Hilde Kristin H.
Dypviken
TK, ergoterapeut



Jan Terje
Eidset
Ass. rektor, avd.leiar



Kjetil Johan
Eiksund
MU, fag.k.



Ragnhild
Engeset
MU



Håvard
Festø
Nor, His, Sam



Jørund
Fet
Nor, avd.leiar



Iselin
Foldal
Ungdomsrettleiar



Odd-Johan
Fremmerlid
Driftsteknikar



Kirsten Ragnhild
Grimstad
MU



Ståle
Hansen
MK



Eli Magnusson
Hellebust
Konsulent



Stephan
Hestholm
Rel, Ref



Trond
Hjelseth
Rektor



Marit Karoline
Hjorthol
TK, assistent



Vanessa Sunde
Hoel
Kro



Heidi
Holen
Spesialbibliotekar



Kaisa Elin
Holsvik
Bre, Erg, Spa, Tys



Randi
Holsvik
Bio, Nat



Svanhild
Holsvik
Rel, Tys



Kristian Soma
Ingebrigtsen
Rådgjevar



Randi
Kalland
Rådgjevar



Leonora Taughahan
Kile
Reinhaldar



Else-Marie Riise
Klokk
Kantinenedarbeidar



Håvard
Krøvel-Velle
MK, fag.k.



Gerd Sofie
Langvatn
Sekretær



Mette-Karin
Leirvik
Eng, His, Sam



Anne-Grete
Lid
Sekretær



Camilla
Lien
TK, assistent



Knut Einar
Lillebø-Voll
KDA



Ingrid Maria
Løfoll
Kro, Nor



Tove Nilsen
Løset
Nor, Sos



Magne
Mærsset
His, Rel, fag.k.



Gunhild T.
Moltabak
TK, lærar, Rel



Carolina
Molvik
Reinhaldar



Kristin
Mork
Nor, Tys



Lill-Johanne N.
Mundal
TK, assistent



May Charlotte
Myklebust
Kje, Mat, Nat



Olav Sandanger
Myklebust
Bio, Mat



Kåre
Myrene
Geo, Kro



Liss Hege
Mørch
Fra, Nor
Nor



Anders
Nilsen
Mar, Sam.ø.



Ragnar Didrik
Osdal
His, Nor, Sam



Dace Dizbite
Ose
KDA, MK



Lisbet
Ose
Avd.jeiar



Siv Heidi
Osvoll
Geo, Mat, Nat



Ragnhild
Oterholm
Eng, Fra, fag.k.



Rudina
Robertsen
Kje, Mat, Nat



Anja Heggen
Rotevatn
Fys, Mat



Even
Rotevatn
Bre, Kro, Top



Ingrid Aarflot
Ryste
TK, assistent



Gunnhild Beathe
Rønstad
TK, miljørettleiar



Ingrid
Salt
Inf, Mat



Marit Lid
Skorstad
MU, Erg



Rita
Slotterøy
KDA



Hilde
Steinnes
TK, assistent



Merete Gretland
Steinnes
Eng, Nor, Spa



Hanne
Stokke
Psy



Magnar
Sunde
Fys, Mat, fag.k.



Kristin Bakke
Sæterås
Avd.leiar



Grete Marta
Sørheim
TK, adjunkt



Tjalve
Sørheim
Geo, His, Sam



Torill Elise K.
Tafjord
KDA, MK



Elin Roksvåg
Torkildsen
TK, lærar



Lisbeth
Totland
Helsesjukepleiar



Olav
Trandal
Avd.leiar



Håkon Orten
Trovåg
TK, assistent



Margrete
Trovåg
Eng, Nor



Grete Karin
Urke
Reinhaldar



Ayne
Vagizova
Mat



Stein Henrik
Vartdal
MU



Ingvil Håberg
Velle
Rel



Frøydís Skár
Ville
Kanticemedarbeidar



Renata
Vynikalova
MU



Jorid
Vårdal
MK, Nor, Sam



Linn Janett D.
Øye
Mat, Nat



Ann Helen
Aakre
TK, assistent

Ass. rektor = assisterande rektor; avd.leiar = avdelingsleiar; Bio = biologi; Bre = breiddedidrett; Eng = engelsk; Erg = ergonomi; fag.k. = fagkoordinator; Fra = fransk; Geo = geografi; His = historie; Inf = informasjonsteknologi; KDA = Kunst, design og arkitektur; Kje = kjemi; Kro = kroppsøving; Mar = marknadsføring; Mat = matematikk; MK = Medium og kommunikasjon; MU = Musikk, dans og drama; Nat = naturfag; Nor = norsk; Psy = psykologi; Rel = religion; Ret = rettslære; Sam = samfunnssfag; Sam.ø. = samfunnsøkonomi; Sos = sosiologi; Spa = spansk; TK = Tilrettelagt klasse; Top = toppidrett



Do Homework



Talk to Family

Sleep


Eat

Workout




KDA

The image features the letters "KDA" in a large, stylized font. The letters are primarily blue with white outlines. The "K" is a simple rectangle, the "D" is a trapezoid, and the "A" is a triangle. Behind the letters, there are several green, faceted gemstones of various sizes and shapes, including diamonds and a teardrop shape. Some of these gems have yellow highlights and are set against a dark blue background. There are also small, scattered yellow and green square shapes around the letters.













SKAL DU TA FORARKORT?

**START TIDLEG OG FÅ
MINIMALT MED FRÅVÆR!**

MOE TRAFIKKSKULE



Etb. 1950

Tlf: 70 06 63 93

www.moetrafikkskule.no

MOE
TRAFIKKSKULE



VÉL TRIVSEL OG KVALITET!

Vi tilbyr opplæring i klassene AM146, T, B, B automat, BE og B96. Hjå oss kan du også ta trafikalt grunnkurs og mørkekøyringskurs. I tillegg tilbyr vi kurset du treng for å kunne køyre 50 km-traktor.

Vi tilbyr køyretimar i heile distriktet: Ørsta, Volda, Fosnavåg, Ulsteinvik og Hareid. Tek du førarkort hjå oss gir vi deg gode rabattar.

Sjekk våre pakkar på www.bondhustrafikkskule.no, ring oss på 700 68 282 eller send oss ein e-post til bondhus.trafikk@gmail.com.



A red car is shown from a front-three-quarter perspective, driving towards the left. The car's body has large, stylized letters spelling "BONDHUS" across the hood and "TRAFIKKSKULE" along the side. The background is dark, suggesting nighttime, with blurred lights from other vehicles visible through the car's windows.

BONDHUS
TRAFIKKSKULE

GJER SOM LANDSLAGSKEEPER ØRJAN

- TA FORARKORTET HJÅ OSS!



Teorikurs

Trafikalt grunnkurs
Mørkekøyringskurs



Oppfriskingskurs 65+
Praktisk opplæring
B-M-A-A1-A2-BE



Rotvatn Trafikkskole



Snippa 3 - 6100 Volda - 70079500 - rotevatntrafikkskole.no



JOHN

VI BRYR OSS!



Volda - Ulsteinvik

SMS TIL 450 85 450



PRAKTIISK INFO

FERIAR

Jul 19.12 - 03.01 | Vinter 20.02 - 28.02


Påske 27.03 - 05.04 | Sumar 18.06

VIPPS

Volda VGS #109515 / Kantina #115793

TREFFTIDER: LHT = Lisbeth Hoggen Totland (helsejukepleiar) | RK = Randi Kalland, KI = Kristian Ingebrigtsen (rådgjevarar), VSH = Veronica Sundgor Hide, IRM = Ingrid Redse Mjåseth (PPT) | ISF = Iselin Steinnes Foldal (ungdomsrettleiar)

TIME	MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG
1	LHT		LHT	RK	ISF
2	LHT	KI/RK	LHT, KI	RK	ISF
3	LHT	KI/RK	LHT, KI		ISF
4	LHT	KI/RK	LHT, KI		ISF
5	LHT, RK	KI/RK	LHT, KI/RK	VSH/IRM	ISF
6	LHT, RK		LHT, KI/RK	VSH/IRM, KI/RK	ISF
7	LHT, RK	KI	LHT, KI/RK	VSH/IRM, KI/RK	ISF
8	LHT, KI/RK	KI	LHT, KI/RK	VSH/IRM, KI/RK	ISF



DISCLAIMER: Alt design er produsert av 3MK1 og/eller henta og bearbeidd frå nettsider med rettigheitsklarert materiale (storyblocks.com, pixabay.com) med unntak av kjolen til *Princess Peach*. Denne er henta frå pixy.org: MARIO GAME CHARACTER, PRINCESS PEACH, frigitt under ein CC BY-NC-ND 4.0-lisens (<https://creativecommons.org/licenses/by-nc-nd/4.0/>), bearbeidd med ein pikselert effekt.




MOT HØGARE MÅL

LÆRINGSLYST | INNSATS | INKLUDERING



VOLDAVGS
VEVENDELVEGEN 35
6100 VOLDA

71 28 23 00
VOLDA.VGSMRFYLYKE.NO
VOLDA.VGS.NO



TRYKK: PRINTING AS / PRODUKSJON: 3MK1